



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Karmøy kommune
Rådhuset, Postboks 167
4291 KOPERVIK

Vår dato: 14.06.2023
Vår ref.: 202308623-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/8586-4

Sakshandsamar: Marilyn Marskar,
22959778, mmar@nve.no

Innspel frå NVE - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for avlauspumpehus - Tjøsvollvatnet - Planid 2023003 - Karmøy kommune

Vi viser til brev datert 19.05.2023. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for avlauspumpehus, Tjøsvollvatnet, planID 2023003.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningsslova (pbl).

Konkrete innspel

Vi viser til NVE sin [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Vi ser at planområdet ligg under marin grense. I planarbeidet må det avklarast om det er kvikkleire i området. I [NVE Veileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) kap.3.2.) er det beskrive ei stegvis prosedyre som kan nyttast ved vurdering og utgreiing av fare for områdeskred dersom det er marine avsetningar i området.

NVE si oppfølging av planarbeidet

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.



Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Marilyn Marskar
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Karmøy kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND